

Det svingar i Latin-Amerika

Johannes Nymark

I Latin-Amerika blei militærdiktatur på 1970-talet etterfulgte av demokratisering på 1980-talet. Då hadde dei militære skakkøyrt økonomien og mangedobla utanlandsgjelda. På 2000-talet er regionen gått inn i ein periode med regjeringar som kan hende meir enn noe anna er kjenteikna av at dei reagerer på den nyliberalistiske politikken som var rådande på 1990-talet. Sidan 1998, då Hugo Chávez kom til makta i Venezuela med 56,2 % av røystene, har Latin-Amerika svinga politisk frå høgre til venstre. Nesten alle landa blir i dag styrde frå venstre.

- Kva er bakgrunnen for dei nye politiske vindane i Latin-Amerika?
- Kva for utfordringar står dei nye kreftene overfor?

Nyliberalistisk fallitt

Ein amerikansk studie frå 2005 syner at dei fleste landa i dei siste 25 åra – ein periode med nyliberalistisk økonomi – har hatt ein klart lågare økonomisk vekst enn i tidlegare periodar. Dette gjeld stort sett over heile verda og går heilt på tvers av dei gjengse oppfatningane. Studien syner lågare forventade levealder og høgare barnedødstal. Dessutan er utdanninga sin del av brutto nasjonalprodukt (BNP) gått ned. Dei 175 landa som er med i undersøkinga, blir delte inn i fem inntektsgrupper. I alle gruppene, bortsett frå den med lågast inn-

tekt, finn vi nedgang i inntekt per innbyggjar når ein jamfører med tidlegare periodar. Det same er tilfellet også for den nedste gruppa dersom ein ser bort frå Kina og India.

Forfattarane av studien peikar på at Latin-Amerika er særleg **hardt råka** av den nyliberalistiske medisinen. Mest har det gått ut over Argentina, som i åra 1975–2002 fekk redusert sitt BNP per innbyggjar med i snitt 0,5 % per år, mot ein årleg auke på gjennomsnittleg 2 % i åra 1945–75. Studien syner at det i Latin-Amerika blei inngått meir enn åtti programavtaler med Det internasjonale pengefondet (IMF) berre i perioden 1980–2005. Sams for avtalene var at dei førte med seg høge renter for dei ulike landa, kutt i løyvingar til sosial-, helse- og utdanningsføremål og ulike former for privatisering, liberalisering og offentleg deregulering. Då er det ikkje til å undrast over at nye presidentar i dei siste åra har komme til makta i Venezuela, Argentina, Brasil, Bolivia og Uruguay ved å føre valkampanjar i første rekke mot nyliberalismen.

For tida går det føre seg ein **kamp om strategiske alliansar** i Latin-Amerika. Hugo Chávez har mellom anna reist til Argentina, Uruguay, Bolivia og Brasil for å styrke politiske og økonomiske alliansar med desse landa gjennom bilaterale avtaler. I byte mot landbruksprodukt og landbruksmaskinar

Kva meiner forfattaren med at nyliberalismen har spelt fallitt, særleg i Latin-Amerika?

Kva for konsekvensar har nyliberalismen hatt i Latin-Amerika?

Alle politiske pilar peikar mot venstre i Latin-Amerika. Latinamerikanske veljarar har talt, men kva gjør USA?

Illustrasjon: *politicalcartoons.com*



Det svingar i Latin-Amerika



tilbyr Venezuela olje og oljeeksporterte til Argentina og Uruguay. Det er òg tatt initiativ til at Venezuela kan utvikle kjernekraft saman med Argentina og Brasil. På den andre sida står USA, som ser Hugo Chávez som den store stygge ulven i Latin-Amerika og vil gjøre det dei kan for å isolere han i Latin-Amerika.

fram til, blei stempla hemmeleg.

Som kjent gikk Enron dundrande konkurs for noen år sidan, i ein av dei mest omfattande korrupsjonsskandalane i historia. Mange i Bolivia meinte at privatiseringa av landets energiressursar var svin del, tjuveri og internasjonalt korrupsjon sett i system. Enron og Shell skipa saman selskapet Transredes, som framleis kontrollerer dei bolivianske gassleidningane. Og no er det funne gass sør i landet (Chaco-området). I løpet av dei seinaste åra er dei påviste gassmengdene blitt ellevedobla.

Tidleg i 2004 blei det kjent at fleire av dei transnasjonale selskapa som har operert i Bolivia, hadde eksportert både olje og gass ulovleg. Selskapa er blitt stemna for retten, og den bolivianske staten ser ut til å innkassere rundt 300 millionar US-dollar.

I juli 2004 gikk bolivianarane kvinne og mann av huse for å ta del i ei folkerøysting om forvaltninga av energiressursane i landet. Godt over 80 % av veljarane stemde for å opprette eit nytt statleg energiselskap – eit nytt YPFB. Samstundes stemde dei nei til ein strategi om å lokke med gass i forhandlingar med Chile. Bolivia skulle då oppnå tilgang til Stillehavet og suverenitet i eit område i Nord-Chile, som tidlegare høyrde til Bolivia. Bolivianarar flest frykta at presidenten ville selje det historiske kravet om suverenitet i byte mot ein avtale om eksport av gass. I oktober 2003 hadde nemleg presidenten (då: Sanchez de Lozada) presentert planar om å eksportere **gass til USA og Mexico via Chile**. Folkets svar på framlegget var sosialt opprør, som enda med 59 døde og ein president på flukt. Folkets ønske om politiske endringar har visseleg også blitt styrka av raseriet over privatiseringa (til det amerikanske Bechtel-selskapet) av drikkevatnet, som har dobla prisane på vatn.

Vatn og andre ressursar i Uruguay: I juni 2000 opna den dåverande presidenten i Uruguay (Batlle) for privatisering av statlege selskap. Folkeopinionen i Uruguay var sterkt imot ein slik privatiseringspolitikk, og regjeringa blei tvungen til å inngå kompromiss. Spesielt blei det fokusert på presidentens forsøk på å privatisere vassressursane. Fleire utanlandske selskap har lenge ønska å ta over vassforsyninga i landet og det enorme underjordiske vassbassenget som finst i området, ikkje berre i Uruguay, men også i Argentina, Brasil og Paraguay. Bassenget er ein av dei aller største vassressursane i verda.

Kva fordelar og ulemper ser du med å sleppe utanlandske selskap til i eigarskapen og drifta av eit lands sentrale naturressursar?

Kamp om energiressursane


I den internasjonale arbeidsdelinga har Latin-Amerika tradisjonelt vore råvareleverandør, noe regionen framleis er. I dag står kampen særleg om energiressursar – olje, gass og vatn. To aktuelle døme: Bolivia og Uruguay.

Gass i Bolivia: På 1960-talet fann Gulf Oil gass i Río Grande i Bolivia. Spørsmålet var som alltid i Bolivia: Kva skal vi gjøre med dei vanskelege transporttilhøva – korleis få gassen fram til marknadene? Planar om eksport til Argentina var alt komne langt då selskapet kunngjorde at det ikkje ville betale det den bolivianske staten kravde. Regjeringa Ovando nasjonaliserte då både olje- og gassfelt til Gulf Oil i 1969, og frå 1972 eksporterte det bolivianske YPFB gass til Argentina.

Privatiseringsbølga på 1990-talet tok med seg det statseigde YPFB. Tanken om at private skulle vere så mye meir effektive enn statsselskap, blei boren fram av den bolivianske regjeringa på den tida. Metoden ein nytta var i røynda ei privatisering, som førte til at nordamerikanske Enron fekk kjøpe. Operasjonen blei kritisert av *The Wall Street Journal*, som meinte at Enron hadde fått altfor store fordelar. President Sanchez de Lozada førte sjølv tingingar med Enron i USA og reiste dit i dette selskapet sine fly. Avtala ein kom

Diskuter korfor tilliten til det etablerte maktapparatet – iallfall inntil nyleg – har vore så låg i Latin-Amerika.

Det svingar i Latin-Amerika



Vatn er ein knapp ressurs i mange område i Latin-Amerika. Fleire stader har det komme til kampar mellom politi og folk i spørsmål som har med forsyning av vatn å gjere. Kva har ofte vore bakgrunnen for desse kampane?

Illustrasjon: *politicalcartoons.com*

Diskuter korleis eit presidentval i det fattigaste landet i Latin-Amerika angår oss i Norge.

Korleis har Det internasjonale pengefondet (IMF) påverka utviklinga i Latin-Amerika i dei siste par tiåra?

Korleis har dei seinaste vala i Latin-Amerika med fordelingspolitikk å gjere?

Under presidentvalet i Uruguay i 2004 blei det samstundes halde ei folkerøysting om privatisering av vassressursane i landet. Eit fleirtal på 64,5 % av røystene avgjorde at vassressursane ikkje skulle privatiserast. Samstundes

gikk fleirtalet inn for at ein i grunnlova skulle ta med ein passus om at vatnet i landet høyrer folket og det offentlege til og ikkje skal kunne privatiserast.

I ei anna folkerøysting i Uruguay (1992) sa eit fleirtal på 72 % nei til fem av dei 32 paragrafane i ei privatiseringslov, og forhindra samstundes ei privatisering av det nasjonale teleselskapet Antel. Dette selskapet er sidan blitt eitt av dei viktigaste i Latin-Amerika. I mange andre land blei teleselskap privatiserte og selde til utanlandske selskap, som la på prisane og trekte ut saftige gevinstar frå dei landa der dei opererte – trass lovnader om betre tenester og lågare prisar ved privatisering.

Støtte frå grunnplanet

Den politiske vendinga frå høgre til venstre har brei støtte på grunnplanet i Latin-Amerika. Samfunnstoppene – frå tradisjonelle politikarar og næringslivsleiingar til internasjonal kapital – har falle i unåde. «Kven skal du stemme mot?» var eit vanleg, ironisk omkvade i Argentina før presidentvalet i mai 2003. Den same mekanismen har ein sett både ved dei seinaste vala i Chile og Bolivia og ved det kommande valet i Mexico.

Motstand mot politikarar som snur kapp etter vinden, kan delvis òg forklare situasjonen Lula da Silva er kommen opp i i Brasil. Lulas parti, PT (Partido dos Trabalhadores – Arbeidarane sitt parti), er blitt klaga for korrupsjon, mellom anna i form av stemmekjøp i parlamentet med pengar frå statseigde selskap. PT er likeeins blitt klaga for ulovleg finansiering av presidentvalkampanjen då Lula blei vald til president i 2002. I Brasil har Lula hatt det spesielt vanskeleg fordi han i starten ikkje hadde fleirtal i parlamentet (etter nye val til parlamentet har han sidan fått det) og av di han er i allianse med PL (Det li-

berale partiet), eit parti til høgre for sentrum. For å få gjennom saker har Lula òg vore avhengig av støtte frå andre konservative parti enn PL.

I seinare tid har fokuset i Brasil vore langt større på korrupsjonsskandalar enn på kva som faktisk er blitt – og blir – gjort, til dømes null-svolt-programmet. Dette er eit gigantisk prosjekt for å få bukt med fattigdommen i eit land som ligg heilt i verdstoppen på FN sine statistikkar over skilnader mellom rik og fattig.

Tilliten til maktapparat og politikarar er på nullpunktet i dei fleste latinamerikanske landa. Derfor går oppslutnaden om dei tradisjonelle partia drastisk attende, og mange politikarar fornektar no tilmed sine egne politiske parti. Eitt resultat er at stadig fleire tar standpunkt til dei politiske sakene på individuell basis, langt unna partipisken. I Brasil og i Bolivia har ein sett dette spesielt tydeleg, og brasilianske politikarar opererer ofte uavhengig av partia sine. Ofte blir følgja at dei krev pengar som takk for politisk støtte. Sidan etikk var ei av fanesakene PT gikk til val på, har dette fått særskilt alvorlege konsekvensar for dette partiet.

I Bolivia har Evo Morales, den kandidaten USA frykta aller mest, nett vunne presidentvalet. Morales, som høyrer til MAS (*Movimiento al Socialismo* – Rørsla for sosialisme), baserer si støtte på fleirtalet i folket, indianarane. Morales var den som framfor noen andre ivra for ei folkerøysting om energiresursane. Eit skrekksenario for USA er om Evo Morales blir ein «boliviansk Hugo Chávez». Morales støttar og får støtte frå dei kokaproduerande bøndene i Bolivia. «Når kokabøndene har eit leveleg alternativ, vil dei slutte å dyrke koka, ikkje før,» seier Morales.

Etter maktovertakinga i Uruguay i mars 2005 har *Frente Amplio* allereie gjennomført visse reformer som gjør at folk på grunnplanet i Uruguay føler at dei har fått det betre. Arbeidslovene er blitt endra til beste for arbeidarane. All lønsfastsetting skal no skje gjennom forhandlingar mellom fagrørslor og arbeidsgivarorganisasjonar, og ikkje – slik det har vore fram til nyleg – ved at arbeidsgivarane dikterer og tvinger gjennom arbeidsvilkåra.

Også på landsbygda har ein registrert betre tilhøve for dei nedst på den sosiale rangstigen. Småbønder har fått svært gunstige lånevilkår for til dømes å utvikle produksjon av sukker. Landarbeidarane – dei fleste utan ein jordlapp til eige bruk – har fått betre løns- og arbeidsvilkår. Somme

Det svingar i Latin-Amerika



Valmøte for Evo Morales, Bolivia. Han seier ja til kulturell dyrking av kokaplanten, men nei til kokain og narkosol. Det blir dermed ikkje fritt fram, men kontrollert produksjon av koka i kamp mot narkobaronar og illegal framstilling av kokain. Korleis skal han klare å handheve dette skiljet?

Korfor er president Chavez i Venezuela eit problem for USA? Og korfor er USA eit problem for Chavez?

Gjør greie for noen av dei politiske måla til dei nye styresmaktene i Latin-Amerika.

Johannes Nymark er Latin-Amerika-ekspert og førsteamanuensis ved NHH (Norges Handelshøgskole) i Bergen.

av dei har tilmed fått seg ein liten jordlapp. Dette er særst viktig for dei, sidan landarbeidarane er sesongarbeidarar som stort sett har arbeid når stor-godseigaren treng dei til såing og innhausting, og som elles må overleve som best dei kan.

Både i Venezuela og i store delar av resten av Latin-Amerika har Hugo Chávez solid støtte frå grunnplanet. Førerbiletet hans er frigjøringshelten Simón Bolívar, også han var frå Venezuela, og Chávez har adoptert Bolívars kongstanke om latinamerikansk integrasjon, spesielt som motvekt til USA-dominansen i regionen. Den latinamerikanske integrasjonstanken gir seg konkrete utslag, mellom anna i at Venezuela leverer olje til Cuba, og dei tidlegare omtala planane om samarbeid mellom Venezuela og Argentina, Bolivia, Brasil og Uruguay.

Mektige fiendar

Det er mektige motpartar dei venstreorienterte regjeringane står overfor i Latin-Amerika, i første rekke Pengefondet (IMF) og det internasjonale finansvesenet. I 2002 blei det gjort framlegg om at IMF burde intervensere (her: ta over styringa) i viktige finansinstitusjonar i landet, som finansdepartementet og sentralbanken. Manøveren blei sett på som eit forsøk på å gjøre Argentina til eit protektorat under IMF, og sjølv strategien blei jamført med amerikansk kanonbåt-diplomati. Argentina på si side har kravd å få redusert delar av utlandsgjelda si med 75 % for i det heile å kunne betene gjelda, som no er på over 130 milliardar US-dollar. Dette er blitt møtt med skuldertrekk frå IMF og ei oppmoding om å syne velvilje overfor kreditorane (spesielt dei private).

Også i Uruguay har ein fått smake IMF-oppskrifta då den nye regjeringa til Tabaré Vázquez ville sette av 4,5 % av BNP til utdanning – faktisk meir til utdanning enn til dei militære styrkane. Dette er eit val-løfte frå Frente Amplio og blir sett på som

viktig for å gi dei fattigaste ei framtid. Men IMF seier at Uruguay har inngått internasjonale avtaler som ikkje tillèt at landet nyttar ein så stor del av BNP til utdanning. Heilt i tråd med IMF's posisjon – og i strid med sin eigen president – har finansminister Danilo Astori derfor hevda at målet om 4,5 % av BNP ikkje lèt seg realisere, og at det vil føre til eit stort under-skot i handelen med utlandet. President Vázquez har her gjort det klart at utdanningsmålet står fast, sidan det er ein lovnad til folket.

Desse problema har Uruguay trass i at FN-organisasjonen CEPAL (Den økonomiske kommisjonen for Latin-Amerika og Karibia) tilrår at Latin-Amerika legg særleg vekt på utdanning og teknologiutvikling i statsbudsjetta sine. Den noverande leiaren i CEPAL seier beint ut at noe av det viktigaste ein kan gjøre for å få bukt med fattigdom og sosial utstøytning, er å satse 100 % på utdanning.

I løpet av 2006 skal det haldast presidentval i eit titals land i Latin-Amerika, og det er knytt stor spenning til utfallet av desse vala. Etter valsiger i Bolivia og Chile synest den latinamerikanske integrasjonslina å stå langt sterkare overfor krava og interessene til USA og dei internasjonale finansinstitusjonane. Dei aller seinaste åra har latinamerikanske land forsøkt å få i stand handel med andre land enn dei tradisjonelle partnarane, noe som ser ut til å lukkast. Det er blitt underteikna avtaler om auka handel med Kina, Japan og Russland, i tillegg til at europeiske land er sterkare inne i biletet enn før. Alt dette har gjort Latin-Amerika mindre avhengig av USA når det gjeld handel.

Venstredreinga i latinamerikansk politikk etter 1998 kan truge USA og dei internasjonale finansinstitusjonane sin dominans i området. Joseph Stiglitz, nobelprisvinnar i økonomi i 2001, har tatt til orde for at landa i sør bør fremje ein ny internasjonal økonomisk agenda – til erstatning for den nyliberalistiske økonomiske politikken. Her er Stiglitz heilt på line med Hugo Chávez.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser: **sjå under.**